

**REFERAT 2 Saltveit skole 1.desember 2011**

INNKALLES	VERV	FORFALL
Cathrine Westmork	Leiar	Cathrine Westmork
Mette Gardsteig		
Kjell Frode Lie	Sekretær	
Monica Vikse		Monica Vikse
Ursula Rüstemeier		
Ritha Nicole Støle	Nestleiar	
Helge Hansson	Rektor	

Sak nr		Ansvarlig
02/12 0	<b>Godkjenning av innkalling</b> Bør leggje ved sakliste elles ok.	Cathrine/Kjell Frode
02/12 1	<b>Godkjenning av forrige referat</b> Godkjent, sende det ut til alle neste gong.	Kjell Frode
02/12 2	<b>Val av kasserar</b> Mette veld ved akklamasjon. Orientert av rektor om oppgåver.	
02/12 3	<b>Skulegudsteneste</b> Foreldre lure på om elevane kan få unntak med tanke på det er kveldstid samt må stå for skyssen sjølv. Rektor: Skulen kan ikkje påleggja elevane denne. Er lagd til kvelden for at fleire skulle kunne møte av foreldre. Samt at det skulle vera sosialt med eit lite program. Påmelding er pga grautmengde samt evt skyss til dei som måtte trenga det. Ingen fellestransport, men lærarar og evt andre tek med dei som ikkje har skyss. Juleverkstad i forkant i form av formingsdag. Ein lærar har ansvar for alternativt opplegg for gudsteneste til dei som skal ha det. Ber evt om tilbakemelding for og mot kveldstid/dagtid frå foreldre.	
02/12 4	<b>Info frå/om KFU</b> Har 2 representantar innanfor Haugalansløftet. Haugesund med nabokommunar. Betra læresituasjon for 10.klasse i forhold til frafall i vidareandegående skule. Forslag frå foreldre blir teke vidare via desse representantane.	Ursula
02/12 5	<b>Avviksliste</b> KFU ber om avviksliste frå rektor om avvik som ikkje er lukka. Rektor: Avvik blir lukka så snart det blir send vidare til mottakar utan det blir forbeta/utført det avviket handlar om. Rektor lure på om dette er rett i forhold til prosedyre. Rektor tek dette vidare til hovudverneombod. Rektor sende avvik til Ursula som tek det til KFU.	Ursula

Møtereferat FAU Saltveit skole

02/12 6	<p><b>Stedfortredar ved forfall til møte. Samarbeid med arr.komite</b>                  Me bør ha stedfortredar til FAU. Naturleg at Arr.komite representant er stedfortredar til FAU rep. klassevis. FAU rep må sjølv ordna beskjed til Arr.komite rep. Når han/ho ikkje kan møta.</p>	
02/12 7	<p><b>Nytt namn til arrangementkomite</b>                  Ingen namn i 4.klasse. Nytt medlem er Hege Olsen Vikse.                  Epost: <a href="mailto:hege.vikse@gmail.com">hege.vikse@gmail.com</a></p>	
02/12 8	<p><b>Strøing om vinteren</b>                  Kommunen ved parkavdling sitt ansvar. Strø vegar inn til dører. Dette blir ikkje gjennomført før skuledagen byrjar. Same gjeld brøyting. Ingen god løysing per dags dato. Alle skular har same utfordring. Rektor strødde forrige vinter. Gode idear mottas med takk.</p>	
02/12 9	<p><b>Spørsmål om skøyedag frå foreldre</b>                  2 år utan no. Ved frost kan eit vatn brukast. Ishallen er alternativet. FAU har sponsa turen før og skulen har organisert. Forholdsvis billig for skular i hallen.                  Vedtak: Skulen får pengar til dette av FAU.</p>	Rektor
02/12 10	<p><b>Oppvekstutvalet</b>                  Invitert til Saltveit av rektor. Såg på skulen og rektor tok opp uteområde og kretsgrenser. La vekt på å prøva og auka elevtalet. Synd skulen er «halvfull» i dag, medan andre skular har sprengd kapasitet. Representan i dette utvalet for oss er Ragnhild Bjerkvik.</p>	
02/12 11	<p><b>Itslearning</b>                  Orientering frå rektor. Ny IKT løysing for elevane. Blir teke i bruk for 5. og 6. klasse no. Brukast til t.d. levering av stil, lydfilet i engelsk, vekeplanar o.l. Lærar kan gje tilbakemelding direkte til eleven. Foreldrepålogging etterkvart.</p>	
02/12 11	<p><b>Ny møtedato</b>                  Kalla inn ein frå Arr.komiten ang 17.mai til neste møte.                   Neste møte: 11.januar kl.19.30.</p>	Cathrine  Kjell Frode